



Møteprotokoll for Arbeidsmiljøutvalet

Møtedato: 07.11.2016
Møtestad:
Møtetid: 10.00 - 12.00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Britt Inger Myhr		Nestleiar
Laila Herbst Totland		Arbeidstakar repr.
Svein Helge Hofslundsengen		Medlem
Kristian Moen		Medlem
Bjørn Egil Nordland		Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Karstein Totland		Utvallsleiar

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Personalkonsulent Maud Sleire Holmaas som førte møteboka

Frå bedriftshelsetenesta Stamina møtte:

Kundeansvarlig Kristin Irtun og senior HMS-rådgiver Jan A. Rasmussen

Sakliste

Saknr	Tittel
-------	--------

009/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste
010/2016	Godkjenning av møtebok
011/2016	Oppsummering av vernerundar 2015
012/2016	Organisering av Krafttak for tilsette 2017
013/2016	Rapportering sjukefråvær
014/2016	Referatsak

009/2016: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjend

07.11.2016 ARBEIDSMILJØUTVALET

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

AM - 009/2016 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjend

010/2016: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjend.

07.11.2016 ARBEIDSMILJØUTVALET

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

AM - 010/2016 VEDTAK:

Møtebok frå Arbeidsmiljøutvalet 26.09.16 vert godkjend.

011/2016: Oppsummering av vernerundar 2015

Rådmannen sitt framlegg:

Arbeidsmiljøutvalet handsamar sak om oppfylging av vernerundar 2015

Avdelingane som ikkje har fylgt opp vernerundane vert fylgt opp særskilt av personalavdelinga.

07.11.2016 ARBEIDSMILJØUTVALET

Personalkonsulent Maud Sleire Holmaas orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

AM - 011/2016 VEDTAK:

Arbeidsmiljøutvalet handsamar sak om oppfylging av vernerundar 2015

Avdelingane som ikkje har fylgt opp vernerundane vert fylgt opp særskilt av personalavdelinga.

012/2016: Organisering av Krafttak for tilsette 2017

Rådmannen sitt framlegg:

AMU drøftar vidareføring av Krafttak

07.11.2016 ARBEIDSMILJØUTVALET

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen gjekk gjennom saka.

Forslag frå hovudverneombod: Loddtrekking blant dei som har gått litt, få folk opp og ut av sofaen. 10 turar eit lodd, 20 turar to lodd.

Stamina kjenner til andre verksemder som ein dag i veka har felles tur for sine tilsette. I Masfjorden kommune er det store avstandar mellom bustadane til dei tilsette, me har og ein del tilsette frå andre kommunar, slik at det ikkje er hensiktsmessig for oss å knytte alle aktivitetane til felles arrangement.

Sleirsfjellet opp og Bjørn-West marsjen er lokale arrangement som kommunen sponsar og me ynskjer og behalda desse som eigne punkt i Krafttak for tilsette.

Etter drøftingar kom AMU fram til ein modell med tre ulike premieringar

1. Loddtrekning blant tilsette som leverer inn oversikt over fysisk aktivitet som kvalifiserer til å vere med i loddtrekninga. 10 timar med fysisk aktivitet gir eit lodd, premie kr 1000,-
2. Den avdelinga med flest prosentvis deltakarar på Sleiresfjellet opp kr. 3000,-
3. Den avdelinga med flest prosentvis deltakarar på Bjørn West-marsjen kr. 3000,-

AM - 012/2016 VEDTAK:

Personalavdelinga utformar vedtak til neste møte.

013/2016: Rapportering sjukefråvær

Rådmannen sitt framlegg:

Sjukemeldingsstatistikken vert teken til vitring

07.11.2016 ARBEIDSMILJØUTVALET

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen gjekk kort gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Kristin Irtun frå BHT informerte om kva dei kunne bidra med.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

AM - 013/2016 VEDTAK:

Sjukemeldingsstatistikken vert teken til vitring

014/2016: Referatsak

Rådmannen sitt framlegg:

Referatsaker vert tekne til orientering

07.11.2016 ARBEIDSMILJØUTVALET

1. Oppgåver og ansvar for arbeidsmiljøutvalet

Tidlegare behandla sak frå AMU var lagt med som referatsak for oppfrisking.

2. HMT-dag

Det vert gjennomført ein HMT dag i løpet av februar 2017. Her vil bedriftshelsetenesta delta. Aktuelle tema er blant anna, avik, AKAN, vernerundar.

3. Handlingsplan bedriftshelsetenesta

Stamina gjekk gjennom leveranserapport 2016. Handlingsplan for 2017 vert laga i etterkant av møt og lagt fram på neste AMU møte.

Drøftingar:

Hovudverneombod stilte spørsmål om kva som skal leggjast ut offentleg av AMU saker.

Me har ikkje hatt praksis på å leggje ut saker frå AMU.

Bedriftshelsetenesta meiner at dei fleste sakene kan/bør vere offentlege.

Neste AMU møte vert 5. desember kl. 08:30.

AM - 014/2016 VEDTAK:

Referatsaker vert tekne til orientering

**Rett utskrift av møteprotokoll frå Arbeidsmiljøutvalet den 07.11.16 vert
vitna:**

Svein Helge Hofslundsengen
møteleiar

Maud Sleire Holmaas
sekretær